

# **S E L S K A P S A V T A L E**

for

## **NORDFJORD MILJØVERK (NOMIL)**

Medlemskommunar:

Gloppen, Stryn, Stad, Bremanger og Kinn  
( Innstilt av styre den 14.06.2021 sak 18/21)

Føreskrifta er vedteken i

- Gloppen kommunestyre 27.10.2021 sak 075/21
- Stad kommunestyre 29.10.2021 sak 21/149
- Bremanger kommunestyre 18.11.2021 sak 063/21
- Stryn kommunestyre 25.11.2021 sak 184/21
- Kinn kommunestyre 14.12.2021 sak 163/21

Avtala er gjeldande frå og med 01.01.2022

### **§1 Heimel.**

Nordfjord Miljøverk, IKS (NOMIL) er eit interkommunalt selskap med heimel i lov om interkommunale selskap av 29.01.99 nr 6.

### **§2 Deltakarar.**

Følgjande kommunar deltek i selskapet frå og med 01.01.2020:

- Bremanger kommune
- Stad kommune
- Gloppen kommune
- Stryn kommune
- Kinn kommune

Andre kommunar har høve til å søkje medlemskap.

### **§3 Føremål.**

Selskapet sitt føremål er å utføre kommunane sine oppgåver innan følgjande deler av avfallsbehandlinga:

1. Oppsamling, innsamling og transport av alle avfallstypar i kommunane.
2. Bygging og drift av behandlingsanlegg for restavfall og fraksjonar som kan gjenvinnast.

3. Bygging og drift av innsamlingssystem, mottak, gjenvinningsanlegg, mellomlagring og vidaresending av spesialavfall og avfall som kan gjenvinnast. Selskapet kan søkje samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap der dette er naturleg.
4. Selskapet sine hovudoppgåver gjeld det forbruksavfallet kommunane har ansvaret for, men selskapet kan også drive innsamling, transport og behandling av produksjonsavfall og slam.

Selskapet kan ta på seg alle oppgåver som hører naturleg saman med dei oppgåvene som er nemnde i pkt. 1-4.

Selskapet kan overta ansvaret for dei nemnde funksjonane gradvis etter nærmere avtale med kommunane. Selskapet avgjer i kva grad drifta skal skje ved bruk av eigne anlegg, utstyr og mannskap, eller ved leigeavtalar med medlemskommunane eller private næringsdrivande.

#### **§4 Hovudkontor.**

Selskapet har sitt hovudkontor i Gloppe.

#### **§5 Styremedlemmer.**

Styremedlemmene og varamedlemmene vert valde av representantskapet.

Representantskapet kan når som helst fjerne eit styremedlem eller varamedlem som det sjølv har valt. Representantskapet vel kvart år leiar og nestleiar i styret.

Styret i selskapet skal ha 1 medlem pr. medlemskommune.

Ved stiftinga har styret 6 medlemer.

Styremedlemmene skal ha personlege varamedlemmer.

Funksjonstida til styremedlemmene er 2 år. Attval kan finne stad.

Det er høve til å endre funksjonstida til 1 eller 3 år ved oppstart av selskapet eller ved endring i talet på medlems-kommunar dersom representantskapet ønskjer ei tilpassing slik at ikkje heile styret står på val samstundes.

Dagleg leiar eller medlem i representantskapet kan ikkje vere styremedlem eller varamedlem til styret.

#### **§6 Innskotsplikt, budsjett og låneopptak.**

Ved stiftinga skal selskapet sin eigenkapital vere kr 1.0 mill.

Medlemskommunane skal betale sin del av eigenkapitalen i form av kontant innskot eller overføring av eigedom eller driftsmidlar. Ved slik overføring skal verdifastsetjinga godkjennast av representantskapet.

Innskot av eigenkapital skal skje i høve til deltarane sin eigar- og ansvarsdel, slik denne er fastlagd i § 7.

Selskapet skal drivast i balanse, slik at inntekter frå kommunar, andre avfallsleverandørar, gjenvinningsaktiviteter med vidare dekkjer kostnadane.

Selskapet vil såleis ikkje vere avhengig av tilskot frå kommunane utover eigenkapitalen, og selskapet skal ikkje gje forteneste (utbytte) til eigarane.

Selskapet får såleis også høve til å fastsetje sitt eige budsjett, men budsjett forslag og driftsplan skal oversendast til kommunane i god tid før handsaming i styre og representantskap, slik at kommunane får høve til å gje eventuelle merknader før selskapsorgana gjer bindande vedtak.

Selskapet har høve til å ta opp lån til kapitalføremål og konvertering av eldre gjeld innanfor ei råme for samla låneopptak på kr. 60 mill.

Det kan også takast opp lån til likviditetsføremål. Slik lån må gjerast opp før rekneskapsavslutning komande budsjettår. Dersom det er rekneskapsunderskot som etter økonomiplanen skal dekkjast over fleire år, kan motsvarande lån tilbakebetalast over det same tidsrommet.

Vedtak i selskapet om å ta opp lån må godkjennast av departementet.

## §7 Eigardeler og deltaransvar.

Kommunane sin eigar- og ansvarsdel i selskapet vert fastlagt som ein prosentdel i høve til folketalet.

Folketalet pr. 01.01.2021 gjev følgjande utgangs punkt for denne prosentdelinga:

Kommune	Folketal pr. 01.01.2021	Eigardel %
Bremanger	3 597	8,31
Stad	9 517	21,99
Gloppen	5 885	13,60
Stryn	7 118	16,45
Kinn	17 160	39,65
	43 277	100,00

Delingshøvet vert justert kvart 4. år, og ved opptak av nye deltarar i selskapet.

Kommunane heftar uavgrensa for sin prosentdel av selskapet sine plikter.

## § 8 Medlemmer i representantskapet.

Representantskapet skal ha eit medlemstal som speglar tal på kommunar og folketalet i medlemskommunane.

Kvar kommune skal uavhengig av innbyggjartal ha ein representantar i representantskapet.

Kvar kommune skal i tillegg ha ein representant pr. 5000 innbyggjarar.

Ein får såleis følgjande medlemstal i høve til folketalet:

Folketal:	0-5000	5000-10000	10000-15000	15000-20000
Medl. i representantskapet:	1+1	1+2	1+3	1+4

Folketalet pr. 01.01.2021 gjev følgjande samansetjing av representantskapet:

Kommune	Folketal	Medl. i representantskapet
Bremanger	3 597	2
Stad	9 517	3
Gloppen	5 885	3
Stryn	7 118	3
Kinn	17 160	5
	43 277	16

Samansetjinga vert justert kvart 4. år dersom endringane i folketal i høve til fordelingsprinsippet ovanfor tilseier dette.

Kommunestyret oppnemner representantskapsmedlemmer og minst like mange varamedlemmer som faste medlemmer. Minst ein medlem og varamedlem frå kvar kommune skal vere medlem i formannskapet. Dagleg leiar i selskapet og medlem i styret kan ikkje vere medlem i representantskapet.

Medlemmer i representantskapet vert valde for 4 år. Kommunestyret kan forta nyval i valperioden. I so fall gjeld nyvalet for resten av valperioden.

Representantskapet vel sjølv sin leiar og nestleiar.

## §9

### **Representantskapet sitt mynde.**

Medlemskommunane utøver sitt mynde i selskapet gjennom representantskapet, som er selskapet sitt øvste organ.

Representantskapet skal sjå til at selskapet vert drive etter føremålet sitt i samsvar med lover og vedtekter.

På årsmøtet, som skal haldast kvart år innan utgangen av april månad, skal representantskapet handsame desse sakene:

- Skriftleg årsmelding frå styret
- Revidert årsrekneskap
- Økonomiplan
- Fullmakter til styret
- Val av medlemmar og varamedlemmar til styret
- Val av leiar og nestleiar til styret
- Val av valnemnd
- Val av klagenemnd
- Val av revisor og fastsetjing av godtgjersle for revisjon
- Fastsetjing av godtgjersle til representantskap og styre.

Dessutan skal representantskapet handsame:

- Styret sitt framlegg til langtidsbudsjett for neste driftsår
- Framlegg frå styret om opptak av lån og pantsetjing av selskapet sin eigedom
- Framlegg om endring av selskapsavtalen for selskapet

- Retningsliner for valnemnda
- Retningsliner for klagenemnda
- Eventuelle andre saker som styret vil ha handsama i representantskapet.

## **§10 Innkalling til møte i representantskapet.**

Leiaren i representantskapet innkallar til møte i representantskapet når det er nødvendig for handsaming av ei sak som etter lova eller selskapsavtalen skal hand- samast av representantskapet, og når det elles er nødvendig for handsaming av ei bestemt sak.

Representantskapet skal også innkallast når styret, revisor, minst ein av kommunane, eller minst ein tredel av representantskapet sine medlemmer krev det for handsaming av ei bestemt sak.

Innkalling til representantskapsmøte skal skje med minst fire vekers varsel, og innehalde saksliste. Medlemskommunane skal med same frist varslast om innkalling og saksliste.

Leiaren i representantskapet kan innkalte til møte med kortare frist dersom dette er påtrengande nødvendig.

## **§11 Sakshandsaming i representantskapet**

Representantskapet er vedtaksført med allminnelig fleirtal av dei som er frammøtte. Med mindre anna er fastlagt i selskapsavtalen, vert vedtak i representantskapet gjorde med simpelt fleirtal.

Ved like røystetal, er møteleiaren si røysting avgjerande.

Ved val, tilsetjingar og spørsmål og inhabilitet gjeld kommunelova sine røysteregler.

Styremedlemmer og dagleg leiar har generell møte- og talerett, men representantskapet kan oppheve denne retten i enkeltsaker, Styreleiar og dagleg leiar har generell møteplikt, men denne kan fråvikast dersom frammøte er klårt unødvendig, eller det føreligg gyldig forfall.

Det skal først protokoll som skal underskrivast av møteleiar og to andre medlemmer i representantskapet.

Styremedlemmer og dagleg leiar har rett til å få sitt syn på ei sak protokollført.

## **§12 Innkalling til styremøte.**

Styreleieren kallar inn til møte når han finn det nødvendig, eller når dagleg leiar eller eit styremedlem krev det. Dagleg leiar har møte- og talerett med mindre styret har bestemt noko anna for særskilde saker.

Innkalling til styremøte skal skje med minst 5 dagars varsel, og den skal innehalde saksliste og mogelege saksdokument.

## **§13 Sakshandsaminga i styret**

Styret er vedtaksført når minst halvparten av medlemmene er til stades.

Vedtak vert gjorde med simpelt fleirtal.  
Røystetalet må likevel utgjere meir enn ein tredel av det totale talet på styremedlemmer i styret for at vedtak skal vere gyldige.  
Ved likt røystetal er møteleiaren si røysting avgjerande.

Det skal førast møteprotokoll som skal underskrivast av alle tilstedeleverande styremedlemmer. Dagleg leiar og styremedlemmer som er usamde i vedtak, har rett til å få sitt syn på ei sak protokollført.

#### **§14 Styret sitt mynde**

Styret skal ha det ansvar og mynde som det vert gjeve av representantskapet.  
Styret har såleis ansvaret for ei tilfredsstillande organisering av selskapet.  
Styret skal syte for at verksemda vert driven i samsvar med selskapet sitt føremål, selskapsavtalen, årsbudsjettet og andre vedtak og retningslinjer fastlagde av representantskapet.  
Styret skal tilsetje og avsette dagleg leiar.

#### **§15 Dagleg leiar.**

Selskapet skal ha ein dagleg leiar som vert tilsett av styret. Dagleg leiar skal administrere selskapet etter dei retningsliner og pålegg som styret har gjeve.

Den daglege leiinga omfattar ikkje saker som i høve til selskapet sin storleik, drift, eller føremål er av uvanleg art eller storleik. Slike saker kan dagleg leiar berre avgjere når styret i den einskilde saka har gjeve dagleg leiar mynde til dette, eller når styrevedtak ikkje kan avventast utan vesentlege ulemper for selskapet si verksemd. Styret skal i såfall straks få melding om saka.

#### **§16 Inabilitet**

Om inhabilitet for tilsette i selskapet og medlemmer i selskapet sine styrande organ gjeld forvaltningslova kap.2 og kommunelova § 40 nr. 3.

#### **§17 Forplikting av selskapet.**

Styret representerer og forpliktar selskapet overfor andre.  
Styret kan gje styremedlem eller dagleg leiar rett til å forplikte selskapet og avgjere at dei som har slik rett, må utøve denne i fellesskap. Dagleg leiar representerer selskapet overfor andre i saker som kjem inn under dagleg leiar sitt mynde i samsvar med §15.

#### **§18 Inntektene til selskapet.**

Dei årlege utgiftene til selskapet skal dekkjast av gebyr for dei ulike tenestene.  
For avfall som vert levert direkte til fyllplassar av privatpersonar, verksemder, institusjonar osv., vert avgifta betalt direkte til selskapet av leverandørane i høve til vekt eller volum. Betalingssatsar vert fastsette av styret.

For forbruksavfall som vert henta ved den vanlege renovasjonsordninga og abonnentar som inngår i slamtøminga, fastset kommunestyret i kvar av medlemskommunane gebyrordning og gebyrsatsar i samsvar med § 34 i Forureiningslova. Jfr. Forvaltningslova § 2. 1 ledd pkt c. Medlemskommunane kan delegera til selskapet å krevje inn gebyret.

## **§19 Årsbudsjett.**

Årsbudsjettet skal setjast opp slik at det gjev eit realistisk bilet av verksemda og det forventa økonomiske resultatet av drifta.

## **§20 Budsjettavvik.**

Dersom det synest å bli vesentleg svikt i inntekter eller vesentleg auke av utgifter i høve til budsjettet, skal styret straks gje melding om dette til leiaren i representantskapet. Denne skal innkalle til møte i representantskapet, der styret gjer greie for budsjettavviket og legg fram forslag til revidert budsjett.

## **§21 Økonomiplan.**

Ein gong i året skal selskapet gjere vedtak om ein økonomiplan som skal leggast til grunn for selskapet sitt budsjett- og planleggingsarbeid.

Økonomiplanen skal omfatte dei fire neste budsjettår og gje eit realistisk oversyn over sannsynlege inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver slik som t.d. investeringsplanar og finansieringa av desse.

Økonomiplanen skal også innehalde eit oversyn over selskapet si totale gjeld, garantiansvar og utgifter til renter og avdrag i planperioden.

## **§22 Utlegg, arrest m.v.**

Selskapet sin eigedom kan ikkje vere gjenstand for utlegg eller arrest.

Konkurs og gjeldsforhandlingar etter lov av 8.juni 1984 nr.58, om gjeldsforhandlingar eller konkurs kan ikkje opnast i selskapet.

## **§23 Rekneskap.**

Selskapet har rekneskapsplikt etter rekneskapslova av 13. mai 1977 nr.35.

Representantskapet kan vedta at selskapet i tillegg skal føre rekneskap etter kommunale rekneskapsprinsipp, eller at selskapet berre skal føre rekneskap etter slike prinsipp.

Rekneskapen vert fastsett av representantskapet.

## **§24 Revisjon.**

Selskapet skal ha revisor som vert vald av representantskapet.

## **§25 Nye medlemmer.**

Vedtak om opptak av nye medlemmer kan gjerast av representantskapet med 2/3 fleirtal.

Samtidig skal representantskapet fastlegge ny prosentdeling og representasjon. Nye medlemmer skal innbetale ein kontantsum eller aktiva av tilsvarende verdi. Summen skal tilsvare den nye medlemen sin prosentvise del av selskapet sin eigenkapital.

## **§26 Oppseiing av medlemskap.**

Ein kommune kan med eitt års varsel seie opp medlemskapet i selskapet og krevje seg utløyst frå dette. Utløsingssummen vert fastlagd til nettoverdien av kommunen sitt innskot når oppseiingsfristen går ut.

Summen skal ikkje vere høgare enn verdien av dei midlane kommunen har innbetalt.

Den kommunen som går ut av selskapet, heftar framleis for sin del av den gjelda det interkommunale selskapet har på det tidspunktet kommunen går ut av selskapet. Representantskapet fastlegg ny prosentdeling og representasjon etter utmelding. Oppseiing av avtalen om interkommunalt samarbeid kan påklagast til departementet av selskapet sitt representantskap. Dette krev i so fall 2/3 fleirtal i representantskapet.

Departementet kan gje pålegg om at samarbeidet skal halde fram i eit nærrare avgrensa tidsrom eller inntil vidare dersom samfunnsmessige interesser eller omsynet til dei samarbeidande kommunane tilseier dette. Jfr. kommunelova §27. (går ut)

## **§ 27 Oppløysing.**

Vedtak om oppløysing av selskapet krev 2/3 fleirtal i 2 representantskapsmøte. Møta skal haldast med minst 6 månaders mellomrom. Oppløysing av selskapet må godkjennast av departementet. Gjennomføringa av ei eventuell avvikling skal skje etter retningsliner som vert nærrare fastlagde av departementet. Jfr. § 33 i Lov om interkommunale selskap.

## **§ 28 Endring av selskapsavtalen**

Endringar i selskapsavtalen § 1 t.o.m. § 8 og § 28, må godkjennast av alle medlemskommunane. Endringar i § 9 t.o.m. § 27 og § 29, kan vedtakast av representantskapet med 2/3 fleirtal av dei avgjevne røystene.

## **§ 29**

Tvist om tolking av selskapsavtalen vert avgjort med bindande verknad ved voldgift etter reglane i tvistemålslova.